



For noen tiårsiden

«Klaring» frå Brattvåg Skipsinnredning var Norges første fiskebåt med styrepropellar. Båten vart overlevert til Lodve (t. v.) og Lauritz Gjendemsjø i Haram i februar 1966. Etter overleveringa gjekk «Klaring» direkte til feltet for å ta del i sildefisket.


Styrepropellane var konstruert og levert av Brødr. Brunvoll i Molde, og båten var utstyrt med to styrepropellar, den eine forut og den andre akterut. Dei var monterte i tverrskipsgåande tunnelar med ein diameter på 90 cm.

Lauritz og Lodve Gjendemsjø var av dei mest kjende notbasane på Nordvestlandet, men det var første gong dei sto som reiarar

på eigen båt. «Klaring», som var på 145 fot, var bygd for å drive heilårs sildefiske, og var utstyrt med kraftblokk og sildepumpe.

I 1987 vart båten seld til Shetland, seinare til Afrika, og er i dag i bruk som ringnotbåt.

Faksimile fra Sunnmørsposten.



Ringnotsnurperen «Klaring» tilhørende brødrene Gjendemsjø skulle ha den første styrepropellen fra Brunvoll, det var jo Lauritz og Lodve som initierte hele sidepropell-suksessen for Brunvoll. Men Størksen-familiens «Silljo» ble ferdigbygget noen måneder før «Klaring», og kom dermed først på feltet med sin propell.